

REKOMMANDERT

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
POSTBOKS 7900
5020 BERGEN



Kartverket

Dykkar ref.:

Vår ref.: karheg
Sak/dok.: 9769478/

Dato:
19.01.2016

Grunnboka er retta

Saka gjeld gnr. 60 bnr. 1, gnr. 53 bnr. 5, gnr. 54 bnr. 5 og 17, gnr. 68 bnr. 1 og ideell andel av gnr. 332 bnr. 2 i 1235 Voss kommune

Vi viser til førespurnad frå dykk, motteke hjå oss 11.01.2016, der de bad oss tinglyse ei navneending i grunnboka.

Statens kartverk Tinglysing har retta grunnboka og registreringa av

skøyte som vart tinglyst 11.02.1949 med dokumentnummer 107,
skøyte som vart tinglyst 02.08.1950 med dokumentnummer 656,
festekontrakta som vart tinglyst 01.12.1954 med dokumentnummer 1253,
skøyte som vart tinglyst 28.03.1957 med dokumentnummer 331 og
skøyte som vart tinglyst 15.10.1954 med dokumentnummer 1004.

Rettinga inneber at vi har registrert Hordaland fylkeskommune med organisasjonsnummer 938 626 367 som heimelshavar til overnevnte eigedomar.

Ei meir utfyllande forklaring følgjer nedanfor.

Fakta i saka

I grunnboka er Hordaland fylke, identifisert med løpenummer, registrert som heimelshavar til gnr. 54 bnr. 5 og 17, ideell andel 3/4 av gnr. 332 bnr. 2 og gnr. 68 bnr. 1.

Voss jordbruksskule er registrert som heimelshavar, også kun identifisert med løpenummer, til gnr. 60 bnr. 1 og festeretten på gnr. 53 bnr. 5.

De ber oss oppdatere grunnboka ved at navnet til heimelshavar blir endra til Hordaland fylkeskommune med organisasjonsnummer 938 626 367.

Vår vurdering

De har lagt ved dokumentasjon på at Voss jordbruksskule er underlagt Hordaland Fylkeskommune.

Hordland fylke heiter no Hordaland fylkeskommune. Vi mener difor at de har dokumentert at heimelen til eigedomane skal vere registrert på Hordland fylkeskommune med organisasjonsnummer 938 626 367.

Vi skal rette grunnboka når vi blir merksame på at ho er urett eller *det på annan måte er gjort feil*. Dette følgjer av tinglysingslova § 18.

Høve til å anke avgjerda

De og andre med rettsleg interesse kan anke denne avgjerda til Borgarting lagmannsrett. Ankefristen er éin månad frå den dagen de har fått eller burde ha skaffa dykk kjennskap til avgjerda, jf. tinglysingslova §§ 10, 10a og 10b. Har de fått melding om avgjerda i rekommandert brev, blir ankefristen rekna frå den datoen brevet vart sendt.

I anken må de vise til kva for ei avgjerd det gjeld og grunngi kva for endringar de ønskjer. Anken sender de til oss. Etter at vi har behandla anken, sender vi han vidare til lagmannsretten, som avgjer saka.


Gebyret for behandling av anke er seks gonger rettsgebyret, til saman 6 150 kroner, jf. rettsgebyrlova § 23a. Betal gebyret til Statens kartverks konto 6345 05 02415 og merk innbetalinga med matrikkelnummer (knr. gnr. bnr. fnr. snr.). Gebyret må vere betalt innan ankefristen. Manglande betaling kan føre til at anken blir avvist.

Kravet om forskotsbetaling gjeld ikkje offentlege organ eller advokatar med rett til etterskotsbetaling.


Praktisk informasjon

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. På www.seeiendom.no er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing



Ola Høydal
registerfører



Hege Aas Karlsen
saksbehandlar